

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 12.02.2004 **Tid:** 16.30 – 19.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 21 medlemmer møtte 21 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Jon Magne Boge våg

Sigmund Dyrhovden fekk permisjon kl 19.00

I staden møtte:

Marion Langhelle Pedersen

Andre som var tilstade på møtet:

Adm.sjef

Før møtet vart formelt sett orienterte leiar av Bjørnefjorden Næringsutvikling, Tor Helge Eiken om selskapet og aktiviteten deira.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 17. februar 2004

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Etter framlegg frå ordførar var det semje å handsama ei ekstra sak, sak 4/03
Med denne endringa vart innkalling og saklista samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Magda Haugen viste til at det i protokollen frå førre møtet var hennar spørsmål under utvalet sitt kvarter ført under skriv og meldingar. Protokollen vert retta opp.
Med denne endringa vart protokollen frå førre møtet godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Geir Markhus ba om avklaring på kven som har ansvar for m.a. brøyting av grusbana i Hagabotnane. Manglande snørydding har skapt problem i vinter.
Adm.sjef viste til at i flg. inngått avtale har kommunen ansvar for grasbana og idrettslaget for grusbana, noko som også inkl. brøyting. Det vart og vist til andre spørsmål som har kome opp om vedlikehaldsansvaret. Plassnemnda, der både idrettslag og kommune er representert, bør sjå igjennom avtalen og evt. ta opp spørsmål om endring dersom det er ønska. I møtet vart det opplyst frå ein av representantane at han visste at det var inngått avtale om brøyting/snørydding for resten av sesongen.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Ordføraren orienterte om desse sakene:

- Protokollen frå kommunestyret skal skrivast under av tre personar. Desse vert no peika ut i kommunestyret, og det vert gjort avtale når dei kan koma inn å skriva under. Ordføraren foreslo at Nils Gåsdal, Magda Haugen og Sture Tveit skriv under protokollen frå møtet i dag.
- Protokollane frå møta vert heretter berre sendt som e-post til dei som har tilgang til dette.
- Dei som har avtala å henta posten på kommunehuset, vil få ei påminning om dette via e-post evt. sms.
- Post til politikarane vert ofte samla opp og sendt i samlekonvoluttar. Det gjer at det er viktig at alle ser igjennom innhaldet med ein gang dei mottek posten, då det kan ligge informasjon som hastar.
- Helse-Bergen sitt skriv om vedtaket deira i ambulansesaka. Dette vart og delt ut. Det vart vidare orientert om førebelse planar for det vidare arbeidet.
- Møtebøkene til kontrollutvalet vil verta orientert om under skriv og meldingar i kommunestyret og også delt ut.

Leiar i utval for oppvekst og omsorg, Liv Berit Kvernes Khadoor orienterte om gjennomføring av ungdommens kulturmonstring sist laurdag.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0001/04	03/00415 VAL AV MEDLEM TIL KONFLIKTRÅDET
0002/04	03/00415 VAL AV BARNAS REPRESENTANT I PLANSAKER
0003/04	03/00326 VAL AV DOMSMENN 2004-2008 - SØKNAD OM FRITAK - EVT. NYVAL
0004/04	97/01720 UTBYGGING AV BYGGEFELTET PÅ LØNNEBAKKEN

0001/04

VAL AV MEDLEM TIL KONFLIKTRÅDET

Framlegg til vedtak::

Leiar for sosialeininga Thore Austnes vert Samnanger kommune sitt medlem i konfliktrådet.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Leiar for sosialeininga Thore Austnes vert Samnanger kommune sitt medlem i konfliktrådet.

0002/04

VAL AV BARNAS REPRESENTANT I PLANSAKER

Framlegg til vedtak::

John Inge Sandvik vert vald til barnas representant i plansaker.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

John Inge Sandvik vert vald til barnas representant i plansaker.

0003/04

VAL AV DOMSMENN 2004-2008 - SØKNAD OM FRITAK - EVT. NYVAL

Handsaming i møte:

Magda Haugen ba om å få vurdert at ho som svigerinne til søkjaren var ugild i saka. Kommunestyret samtykkja i at ho var ugild. Ho var ikkje med i vidare handsaming.

Idar Reistad sette fram slikt framlegg: *Astrid Haugen vert fritaken for vervet som meddommar i Midthordland tingrett. I hennar stad vert Sissel Hisdal oppnemnd som meddommar.*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Astrid Haugen vert friteken for vervet som meddommar i Midthordland tingrett. I hennar stad vert Sissel Hisdal oppnemnd som meddommar.

0004/04

UTBYGGING AV BYGGEFELTET PÅ LØNNEBAKKEN**Handsaming i møte:**

Sidan saka vart lagt fram i møtet, orienterte administrasjonssjefen munnleg om utbygginga av Lønnebakken med særleg fokus på finansiering. Frå administrasjonssjefen si side vart det gitt uttrykk for at det viktigaste var å prioritera oppgradering av leidningsanlegget med tanke på å kunna forsyna eit evt. neste byggesteg i ein utvida reguleringsplan. Spørsmål om påløpne meirkostnader kunne takast opp som ordinær sak.

Kommunestyret retta kritikk til at saka av ein slik kompleksitet kom opp som ekstra sak. Etter lengre drøftingar og gruppemøte sette **Brigt Olav Gåsdal** på vegne av Arbeiderpartiet fram slikt framlegg:

Finansieringsramma for tilrettelegging av VA- anlegg i Lønnebakken bustadfelt vert auka med kr 67.500. Auken vert nytta til oppgradering av VA-anlegg for vidare utbygging i retning Myra. Jmf. Saksutgreiing.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Sigmund Dyrhovden fekk permisjon under handsaminga av denne saka, og han var dermed ikkje med under røystinga.

Vedtak:

Finansieringsramma for tilrettelegging av VA- anlegg i Lønnebakken bustadfelt vert auka med kr 67.500. Auken vert nytta til oppgradering av VA-anlegg for vidare utbygging i retning Myra. Jmf. Saksutgreiing.